

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

September 1995

49. årg.



Gud du er rik!

Gud, du er rik! Din godhet er stor,
din miskunnhet tar ikke slutt.

Du nærer og styrker din kirke på jord
og leger når håpet blir brutt.

Du gav din Sønn! I ham ble vi skapt
Til gjerninger båret av tro.

Du frelste i kjærlighet det som var tapt
og brakte nytt liv til å gro.

Vi er ditt verk! Du eier oss Gud,
Med alle de goder vi har.

Du byr oss forvalte dem etter de bud
Du gav oss, vår Skaper og far.

Styrk da vår tro! Tenn håp i vårt sinn,
Fyll hjertet med kjærlighet varm!
Så går vi frimodig til tjenesten inn
I ly av din utstrakte arm.

Olaf Hillestad

TAKK

Når Kjell Arne Norum nå skal forlata Vaksdal prestegjeld vil me retta ei stor takk for alt han har fått utretta desse 10 åra. Han har vore ein flittig gjest i heimar og andre samkomer utanom kyrkja. Det er rett å sei at mange vil sakna han.

Med sitt vesen har han fått mange vener. Mange har under hans talarstol gått rikare heimatt enn dei kom. Han har også fått gje barna mykke ved familiegudstenester på barnelag og andre samkomer for barna.

Så Kjell Arne ta desse takkens ord med deg både frå kyrkjelydane og frå kyrkjebladet, dei er deg vel unt.

SØNDAGSSKULEN

Som de kan lesa annan stad i bladet skal det snart vera Søndagsskulens Dag som gjev startskotet til eit nytt søndagsskuleår.

Søndagsskulen er ein viktig faktor i oppseding av barna. Foreldra som døyper barna sine lovar å oppseda dei i kristen tru, det kan søndagsskulen hjelpe dei med. I vår tid med påverking frå mange hald er det viktig at barna får ein solid ballast i livet.

Men skal søndagsskulen vera levedyktig er det viktig med gode medarbeidarar. Alle som har lyst til å vera med i Søndagsskulen er velkomne til det, det er alltid bruk for nokon i Guds vingard.

Søndagsskulen er sjølv sagt også open for dei som ikkje er døypte.

Så lat oss arbeida og be for at søndagsskulen også i framtida må vera levedyktig.

Ragnvald Kringlebotten

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 22. september 1995.

Bladet kjem ut i vike 42 som byrjar med 16. oktober.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20. Res. kap. Kjell Arne Norum Tlf. 56 59 70 88 (A) 56 59 72 32 (P). Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13. HUGS - måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle.
Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

KJELL ARNE NORUM - Nær 10 år i Vaksdal

I høve at Kjell Arne Norum skal slutta som res.kap i Vaksdal har me teke ein prat med han.

-Når kom du til Vaksdal?

-Eg kom i november 1985, fortel Norum.

-Kvar kom du frå?

-Eg kom frå Domkirken i Bodø, der eg hadde vore kappelan i 8 år. Før den tid avtente eg mi verneplikt som stasjonsprest på Andøya Flystasjon.

-Kvífor sokte du deg til Vaksdal?

-Eg soekte fordi eg ville ut på landet. Livet flaut kanskje rolegare der, og det stemde. Folk på landsbygda har betre tid, og det er lettare å få ertiskt enn i ein by med mange menneske.

-Når du ser attende, korleis ser du på åra som har gått?

Reisa rundt i prestegjeldet har vore fine avbrekk som har gjort arbeidet mindre einsformig. Eg har glede meg over mange gode medarbeidarar. Dessutan har det vore interessant med små bygdelag, som alle har sine sær preg.

-Har du hatt tid til å engasjera deg i noko anna enn å vera prest?

-Eg har gått mykke i fjellet og hatt mange fine natur- opplevelingar. Eg likar også å gå på fotojakt.

-Dei som var til stades på avskilsgudstenesta i Bergsdalen kyrkje, 13. august, fekk oppleva mange fine ljosbilete du hadde tatt. Har du kursa deg i fotografering?

-Nei, det har eg ikkje, men eg har lese litt i bøker og sett korleis andre gjer det

Framtida

-Har du nokre tankar for kristenarbeidet framover i Vaksdal?

-Ungdomsarbeidet har vore nede i ein bølgdal, men eg ser positive trekk.

-Kva tenkjer du på då?

-Eg tenkjer på at det er persostrar som er villige til å vera leiarar i ungdomsarbeidet. Det er også fint at me har fått eit kristent skulelag på Dale. Eg meiner ungdomsarbeidet bør prioriterast høgt i tida som kjem. Leiarane fortener all den støtte dei kan få.

-Bibelundervising er spesielt viktig.

-Arbeidet mellom borna går bra mange stadar.

-Eg ser det også som viktig å styrka fellesskapet i kyrkjelydane. Då tenkjer eg både åndeleg fellesskap, der me samlast om bibelen og bøna, og den sosiale sida, der me vert betre kjent med kvarandre.

Elles er det viktig at me samlast om kyrkjelyden si hovudsamling, gudstjenesta.

Kva nå?

-Kva skal du til med nå?

-Eg skal vera med på eit sjølesorgkurs ved sjølesorginstituttet ved Modum, og det gler eg meg til.

Så tenkjer eg å vera free-lancer ei stund, for eksempel fram til sommaren. Eg vil vikariera litt og samla impulsar, litt her og litt der. Elles kan eg lesa og studera litt inntimellom. Eg treng å fylla opp tanken.

Eg kjem til å sjå attende på åra i Vaksdal med glede. De har ein storstått natur. Eg har møtt hyggelege menneske og fått mange vene. Eg har gode minne om kristent fellesskap i samtalar og bøn og medarbeidarskap, så vel som på samvær i kyrkje og bedehus, seier Norum til slutt.

Me takkar for praten og ynskjer lukke til vidare når Norum nå set seg i bilen sin "Smørøyet" og fer austover. I neste nummer kjem reportasje frå avskildsrunden.

R.K.



Kjell Arne Norum klar for å reisa austover.

Foto: Vaksdal Posten

PRESTEVIKAR

Grunna at begge som var innstilt til kapellanstillinga i Vaksdal Prestegjeld takka nei, skal Gudrun Boge Karlsen (43 år) frå Boge vera prestevikar i Vaksdal prestegjeld til ny prest etter Kjell Arne Norum er tilsett. Ho fortel at ho har vore prestevikar ymse stadar dei to siste åra. Ho har vore i Aurland og Dale i Sogn og Fjordane, ymse stader i Valdres. Siste staden for Vaksdal var ho i Engerdal like ved Svenskergrensa.

-Men aller først var eg døveprest i Vestenfjeldske Døvedistrikt som omfattar Bjørgvin og Møre Bispedøme frå 1987 til 1991, seier Gudun Boge Karlsen. Me har eiga døvekyrkje i Bergen elles vert det lånt kyrkjer.

Student

-Kor har du studert til prest?

-Eg har studert ved NLA i Bergen og ved MF i Oslo. Eg er ferdig med halve praktikum og reknar med å ha att 2-3 års studietid att før eg er ferdig teolog. Til sist nytår tok eg hovudfagseksamen ved NLA og nå skriv eg på hovudfagsoppgåva så når den er ferdig kan eg kalla meg cand.philol. eller lektor om du vil.

Gler meg

Korleis ser du på oppgåva som ventar deg i heimeprestegjeldet?

-Eg gler meg til å bli betre kjent med dei som bur i mein eigen kommune.

Eg likar også å engasjera meg i det som skjer i rundt om i bygdene, seier Boge Karlsen til slutt.

Me takkar for praten og ynskjer lukke til som prestevikar.

Sokneprest Frode Kvamsøe seier at det kapellanstillinga er lyst ut på nytt med søknadsfrist 7. september.

-Me reknar med å tilsetja ny kapellan i oktober og vonar at vedkomande kan vera på plass seinast i løpet av januar 1996, seier Kvamsøe.

R.K.

MØTEVEKER

Bergsdalen Kyrkje 11. - 15. oktober kl. 19.30
ved Leiv Nesheim
Alle er hjarteleg velkomne

Stanghelle Bedehus 26. september - 1. oktober kl. 19.00, søndag kl. 18.00
Ved Bjarne Skjold
Alle er Hjarteleg velkomne


REGBNUEN

Barnekoret Regnbuen tek til att med øvingane på Stanghelle Bedehus onsdag 6. september kl. 17.30.

Gamle og nye medlemer er hjarteleg velkomne.
Aldersgrense: 2. klasse og oppover

KYRKJEVERGE

Grunna at Lars Hjelmeland skal vikariera for Kjartan Rødland medan han er i sivilteneste vil Svein Tøsse vikariera som kyrkjeverge i 16 månader frå 25. september



ORGANISTVIKAR

Medan Lars Ragnvaldsen har permisjon for å vera organist i Voss har Dale og Bergsdalen kyrkjer fått organistvikar frå Australia. Han heiter David Scott Hamnes og er 24 år.

-Kvar i Australia kjem du frå?

-Eg kjem frå Adelaide som ligg omlag midt på den sørlege delen av Australia, fortel David.

-Namnet på verdsdelen dykkar har mange namn, kva er det mest brukte hjå dykk?

-Dei aller fleste i Australia brukar Australia som namn på verdsdelen sjølv om det ofisielle er Oceania. Oceania omfattar Australia, New Zealand og nokre øyar i tillegg. Parlamentet vil god kontakt med Asia og nokre brukar også namnet Australasia. Fleire ser faktisk på Australia som ein del av Asia.

-Kva var så grunnen at du hamna i Noreg?

-Som det går fram av etternamnet mitt har eg røter i Noreg. Far min kom frå Otterøya utanfor Namsos. Han flytte til Australia i 1948 og vart gift med ei som heiter Alison.

Organist

-Du snakkar godt norsk, har du vore lenge i Noreg?

-Nei, eg kom hit for omlag 1 år sidan, men eg likar å læra andre språk.

-Kor lenge har du studert til organist?

-Eg har fire års studie og eit år pedagogisk studie.

-Kva har du drive med dette året i Noreg?

Eg har vore tilsett i Namsos som organist og musikkskulelærar i musikkkulen og vidaregåande skule. Slekta mi var nok litt av grunnen til at eg hamna i Namsos.

-Kva var så grunnen til at du hamna i Vaksdal?

-Ein av grunnane var at her fekk eg heil stilling som organist, noko eg ikkje hadde i Namsos. Eg skal også dette året ta hovudfagsstudie og skal då til Trondheim ein gong i månaden. Elles skal eg nokre gonger dette året også til England og spela med David Sanger, ein verdskjent orgellærar.

Framtida

-Har du noko mål for det kyrkjemusikalske dette året?

-Eg vil freista å halda liv i Dale Kyrkjekor og vonar at fleire og yngre krefter melder seg til teneste der. Konsertar av ymse slag står også på programmet og musikkandaktar saman med prestane. Til jul vil eg freista å til ein såkalla julesongfest som har vore mykje praktisert i mellom anna England heilt frå før 1920. Der er då ni tekstlesingar og song av kor og kyrkjelyd mellom lesingane. I tillegg skal eg dette året også dirigera Kordial.

-Postludiet i Bergsdalen var litt ukjent musikk for oss. -Ja, eg likar å spela litt ukjente komponistar og ikkje berre dei vanlege. I tillegg spelar eg også ein god del ny musikk. Eg har mellom anna ein ven i England som lagar melodiar.

Som Kjell Arne Norum er eg glad i naturen, og etter alle dei fine ljósbita eg fekk sjå på gudstenesta i Bergsdalen 13. august fekk eg lyst til utforska naturen i Vaksdal, avsluttar David.

Me takkar for praten og ynskjer lukke til med organistgjerninga. Til folk som har sett David i det siste må me berre seia at fotoet me har fått låna vart teke før han tok skjegget.

R.K.



Organistvikar David Scott Hamnes.

BARN SOM BRYR SEG

Barn protesterar i herdig når dei opplever urett - ikkje berre når det går ut over dei sjølv. Barn bryr seg også sterkt om kvifor det er nokon som sveit og lid i verda.

Dei er levande opptekné av korleis andre barn har har det, på godt og vondt. Difor lanserar no Kirkens Nødhjelp den nye Sebra-klubben for barn mellom 4 og 9 år. Her vert eit spennande pedagogisk opplegg kombinert med at barna sjølv kan få vera med på Kirkens Nødhjelp sitt verdsomfattande hjelpearbeid (mor og far eller besteforeldra kan også hjelpe til).

Medlemane i Sebra-klubben får både blad og plakatar, små utskorne dyr frå Afrika til å setja i eit eige Vennskap, dei får tilbod om handdokker og mykje meir. Barnegrupper, søndagsskular o.l. kan vera med i Sebra-klubben. Det vert laga rettleiing for klubbleiarar og forskulelærarar.

Ring Kirkens Nødhjelp på tlf. 22 22 22 99 og be om fleire opplysingar om Sebra-klubben.



SEBRA
K * L * U * B * B * E * N

OPERASJON DAGSVERK til Kirkens Nødhjelp og Brasil

Årets Operasjon Dagsverk (OD) er tildelt Kirkens Nødhjelps arbeid mellom gatebarn og ungdom i Brasil, der organisasjonen samarbeidar med lokale partnarar.

26. oktober er datoen norske ungdomsskulelevar og gymnasiastar tek ei arbeidsøkt som i år skal gje hjelpe og solidaritet til barn og unge i Brasil. OD-pengane går til Kirkens Nødhjelp og dei prosjekta som vert drivne i samarbeid med brasilianske organisasjonar.

Prosjekta omfattar mellom anna dagsentra for gatebarn, barneheim for jenter og informasjons- og bevisstgjeringskampanjar retta til brasiliansk ungdom. Spesielt for årets OD er at ein arbeidar for å overføra OD-idéen til Brasil, og få ungdommen til å hjelpe sine eigne. Og idéen har fått god grobotn.

Alle blir oppmoda om å støtta OD og Kirkens Nødhjelps arbeid i Brasil! Har du småjobbar som ungdom kan utføra, ta kontakt med nærmeste ungdomsskule eller gymnas!



SØNDAGS-SKULENS DAG

Søndag 10. september skipar Stamnes- og Straume Søndagsskule til Søndagsskulens Dag. Det heile tek til med gudsteneste i Stamnes Kyrkje kl. 11.00.

Etter gudstenesta vert det matøkt der ein får kjøpa brus, te og kaffi til medbrakt mat.

Det vert også ei stund med leikar og natursti før det heile vert avslutta med ei sangstund.

Søndagsskulebarn, foreldre, besteforeldre og andre er hjarteleg velkomne til Stamnes denne søndagen.

Dette er også startskotet for dei vanlege søndagsskulane rundt i Vaksdal så sjå etter oppslag kva tid den einskilde søndagsskule startar.

R.K.



Leiar i Straume søndagsskule, Arne Normann, ynskjer velkommen til Søndagsskulens Dag.

Foto: Frode Kvamsæ



Søndagsskulens Dag er også leik og moro
(Arkivfoto)

TRIPP TRAPP

Rangle og plakatar, kassettar og figurar er noko av det ein kan finna i Tripp Trapp-opplegget til Hjemmenes Dåpsring.

Noko for auga og noko for øyret, noko for munnen og noko for handa, noko for tanken og noko for ånda. Det er det Hjemmenes Dåpsring siktat inn når dei lagar materiell til bruk for born mellom 0 og 7 år.

Oppseding er å ta barnet på alvor som barn og leggja til rette aktivitetar og materiell for det.



Her ser de nokre av hjelpermidla som er i ein Tripp Trapp-pakke

Oppseding er å gje barna tryggleik, sjølvtillit og verdiar å byggja livet på. Difor må barna møta, tryggleik og tillit, men også grenser og autoritet.

Dersom barnet skal vera i stand til verkeleg å velja om det vil tru på Gud, må det få høve til å oppdaga og oppleva bøn, bibellesing og kristne songar.

Ingen er betre i stand til å hjelpe barna til dette enn foreldra, og tripp trapp kan hjelpe til, heiter det i ei brosjyre frå Hjemmenes Dåpsring.

Dersom nokon er interessert i denne brosjyra kan ein få den ved å skriva til:

Hjemmenes Dåpsring, Postboks 173, 1430 Ås.
Tlf. 64 94 37 60 Fax. 64 94 29 95.



BARN BRYR SEG - OG DE LURER PÅ HVORDAN DET ER Å LEVE I ET ANNET LAND!

Sebraklubben er en klubb for nysgjerrige barn mellom 4 og 9 år. Hensikten med klubben er å gi informasjon om hvordan barn i den tredje verden har det, - både på godt og vondt. Sebraklubben står også for medmenneskelighet, og den gir medlemmene anledning til å hjelpe barn under andre himmelstrøk.

Sebraklubbens medlemmer får mye spennende i posten. Ved innmelding kommer «Vennskapet» - et oppbevaringskap til saker og ting, - og de smågavene klubben sender medlemmene etterhvert. Sammen med skapet kommer et flettet Vennskapsbånd fra Guatemala og en liten sebra fra Kenya..

- 4 ganger i året kommer bladet «SEBRA» med spennende lesestoff for både store og

små og de litt større, fargerike bilder, tegneserier, konkuranser og venne-sider.

- 2 ganger i året sender klubben ut plakater (A3 format) til alle medlemmer.
- 2 ganger i året får medlemmene små overraskelser til «Vennskapet».
- De månedene det ikke kommer noe annet, sender klubben kontaktbrev, «Sebrabrev».
- Dersom barnehager, juniorklubber eller skoleklasser melder seg inn, tilbyr klubben et vel tilrettelagt pedagogisk opplegg for gruppene.

En annen fin ting med Sebraklubben er medlemskontingenent. Du betaler det du synes passer (min. 25 kr pr. mnd.) Dersom mor eller far eller en slekting melder barnet inn i Sebraklubben vil vedkommende motta KN's kontaktblad «Medmenneske». Dette bladet med spennende lesning om fremmede kulturer og reportasjer om hjelpearbeidet over hele verden, er nyttig lesning for en som skal gi svar til nysgjerrige barn.

**Sebraklubben
vet at barn bryr seg!**

JÅ!

-dette synes jeg er et fint tiltak.
Jeg melder inn:

Navn: Alder:

Adresse:

Poststed/nr.:

Jeg ønsker
«Medmenneske»

Ja : Nei

Adresse:

Poststed/nr.:

Pedagogisk
veiledning

Navn:

Ja : Nei

Adresse:

Poststed/nr.:

Sett kryss for månedsbeløp: Kr 150,-

Kr 100,-

Kr 75,-

Annet beløp:

Jeg ønsker bankgiro Postgiro Automatisk kontotrek



Sandakerveien 74, 0404 Oslo.
Tlf.: 22 22 22 99. Fax: 22 22 24 20



SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

05.06 Karoline Lid
25.06 Martin Vaktdal Kvamsøe

STAMNES

25.06 Frode Langeland
09.07 Tonje Møster Larsen
09.07 Christoffer Møster Alvarez

BERGSDALEN

04.08 Hilde Berge

VAKSDAL

07.07 Robin André Helgesen Jordal
02.07 Åsne Elisabeth Alvheim

VAKSDAL

01.07 Gunnhild Karlsen og

Thor Inge Vatle



29.07 Mai Elin Skålevik og
Jan Ole Høiby Hansen

EKSINGEDELEN

29.07 Elisabeth Holt og
Kåre Magnar Trefall

NESHEIM

12.08 Frøydís Gullbrå og
Svein Austrheim Tollesen



Avlidne




DALE

27.06 Waldemar Birger Pettersson, f. 1920
28.06 Reidar Kvamme, f. 1924
14.07 Håkon Helle, f. 1911
13.08 Oddveig Asbjørg Djukastein, f. 1940

VAKSDAL

01.07 Astrid Faugstad, f. 1908
20.07 Edvin Tolås, f. 1909
22.07 Kari Blomdal, f. 1904
08.08 Margit Vaksdal, f. 1909



Vigde



DALE

24.06 Eli Seim og
Bjørn Ove Horvei

BERGSDALEN

01.07 Anne Hilde Fosse og
Vidar Osvold
21.07 May Britt Kingswick og
Frode André Eldevik
04.08 Gjertrud Karevoll og
Ragnvald Berge



VELKOMEN TIL KYRKJE

17.september - 15.søndag etter pinse

EIDSLAND kl. 11. Kvamsøe. Nattverd.
BERGSDALEN kl.11. Fam.gudst. Gudrun
 Boge Karlsen.
NESHEIM kl.16. Kvamsøe. Nattverd. Offer til
 Bergen Søndagsskulekrets.
VAKSDAL kl.18. Konfirmantpresentasjon.
 Gudrun Boge Karlsen.

24.september -16.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. 50/ 60 års konfirmantar.
 Offer til Norsk Lærarakademi.
EKSINGEDELEN kl.11. Nils Arne Lavik. Offer
 til Norsk Lærarakademi.

1.oktober - 17.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Boge Karlsen. Nattverd.
 50 års konfirmantar.
STAMNES kl.17. Konfirmantpresentasjon.
 Kvamsøe.

8.oktober - 18.søndag etter pinse

DALE kl.11. Vikar. Nattverd.
EKSINGEDELEN kl.11. Fam.gudst. Boge
 Karlsen. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til
 4 åringar.

15.oktober - 19.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11. Nesheim og Kvamsøe.
 Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.
EIDSLAND kl.11. Fam. gudst. Boge Karlsen.
 Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.
VAKSDAL kl.18. Kvamsøe.
STANGHELLE kl.18.

KIRKENS NØD-HJELP TAKKAR

Fasteaksjonen 1995 har så langt gjeve 12,5 millionar kroner. Det endelege talet kjem venteleg til slutt å liggja mellom 13 og 14 millionar kroner. Ikkje ny rekord, men ein stor sum, som er viktig for arbeidet i over 60 land.

Etter 28 år med fasteaksjonar er det viktigare enn nokon gong å få folk med i kampen for urett og naud, og engasjementet for aksjonen har nådd nye mål i år: 1.000 kyrkjelydar har markert Faste- aksjonen, og 800 av dei har arrangert husstand- innsamling. Vel 30.000 bøsseberarar har gått i all slags ver over heile landet.

Kirkens Nødhjelp takkar gjeverane, kyrkjelydane, frivillige medarbeidarar, konfirmantar og andre bøsseberarar for ein framifrå innsats nok ein gong.

STØVREINSING



Kanskje nokon kvar av oss burde blåsa støv av bibelen vår og dagleg ta til oss av den levande maten Gud vil gje oss.